



Delta Bolig Prosjektering AS
Grøvlesvingen 29
5108 HORDVIK

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/868 - 17/5691

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
03.05.2017

Byggesak Gbnr 45/451 Manger - tomannsbustad - Mellombels svar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.04.2017.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Helland Eiendom & Invest AS som tiltakshavar må signera søknaden, alternativt må det førelegga ein fullmakt frå tiltakshavar.
2. Då det søkjast om løyve i eit trinn må det i gjennomføringsplan under IG/eit trinns søknad for prosjektering leggas inn dato for samsvarserklæring for alle prosjekterande.
3. Det må tydeliggjerast i gjennomføringsplan om Delta Bolig Prosjektering AS har overordna ansvar for prosjekteringa, eksempelvis vedr. ventilasjon og pipe.
4. Det er ikkje beskrevet i gjennomføringsplan kven som er ansvarleg for prosjektering av Radon, men Alfred Mjelde er lagt inn som ansvarleg for utførsle. Dette er ikkje i samsvar med erklæring om ansvarsrett.
5. Det er krav til uavhengighet mellom kontrollerande og prosjekterande firma for tiltaket. Delta bolig Prosjektering AS kan derfor ikkje vera både prosjekterande og UKPR for lufttetthet.
6. Det må dokumenterast at eigendommen har rett til å kople seg til vatn og avlaup. Dette står ofte beskrevet i kjøpskontrakt!
7. Ved berekning av utnyttingsgrad på tomt er det brukt bustadens bruksareal BRA, ikkje bebygd areal BYA. Grad av utnytting blir derfor litt større enn utrekna i søknad.

- Det nemnes at teikningane visar høgdeforskjell mellom åtkomst og terreng. Ved tilgjengelig bustad må det vera trinnfri åtkomst.

- Erklæring om ansvarsrett vedr. grunnarbeid er mangelfullt utfylt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.05.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Stian Marøy
ingeniør/byggjesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helland Eiendom & Invest AS	Idrettsvegen 3	5936	MANGER
-----------------------------	----------------	------	--------

Mottakarar:

Delta Bolig Prosjektering AS	Grøvlesvingen 29	5108	HORDVIK
------------------------------	------------------	------	---------